

# Læreplan i vg1 frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 27. februar 2020 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2020

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign handlar om designprosessar, grunnleggjande handverksferdigheiter, eksponering og kommunikasjonsformer som skal oppfylle ønske og behov hos kundane. Gjennom arbeid med materiale, teknikkar og verktøy bidreg programfaga til å utvikle estetisk sans og handlag hos elevane. Vidare handlar programfaga om å analysere trendar i eit historisk perspektiv og bruke digitale verktøy for å møte dei behova kundane har i dagens samfunn og i framtida.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign skal bidra til å utdanne framtidas yrkesutøvarar innan handverk, design og eksponering. Gjennom skaparglede, kreativitet og kritisk tenking bidreg programfaga til at elevane utviklar meistring og refleksjon omkring eigen praksis, eigen identitet og eige medvit i eit likeverdig og inkluderande fellesskap. Vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign skal bidra til kunnskap om korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre arbeidsliv.

### Kjerneelement

#### Produktutvikling

Kjerneelementet produktutvikling handlar om materialkunnskap og analyse og om å ta val i heile prosessen frå idé til ferdig produkt med utgangspunkt i ønska og behova til kunden. Det handlar òg om å eksperimentere med komposisjon, farge, form og funksjonar. Vidare handlar kjerneelementet om ei heilskapleg forståing gjennom refleksjon innanfor tenestene og tilpassinga av produkta til kundane og omgivnadene, og kunnskap om motar, trendar, stilhistorie og ulike kulturar.

#### Produksjon og handverksferdigheiter

Kjerneelementet produksjon og handverksferdigheiter handlar om å bruke verktøy, maskiner, teknikkar og materiale til produksjon av varer og tenester gjennom arbeid i ein verkstad. Det handlar vidare om å bruke farge, formspråk, funksjonar og relevant teknologi til nyskaping og tilpassing av produkt til rom, personar og anledningar. Kjerneelementet handlar òg om produksjon av varer og tenester innanfor gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit.

## Arbeidsliv, kommunikasjon og eksponering

Kjerneelementet arbeidsliv, kommunikasjon og eksponering handlar om å bruke ulike kommunikasjonsformer i samarbeid med medelevar, kundar og lokalt næringsliv. Det handlar om å analysere ønske og bestillingar frå kundar og å vere i dialog med kunden i produksjonsprosessen. Vidare handlar det om forståing og respekt for livssituasjonar, behov, kultur og tradisjonar. Kjerneelementet inneber å bruke aktuell teknologi og visuelle verkemiddel for å utvikle, presentere og eksponere produkt og tenester. Det handlar òg om økonomi, sal, marknadsføring og produksjonsprosessar.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I vg1 frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle identitet og kritisk refleksjon over arbeidsmetodar i ein skapande prosess, både åleine og saman med andre. Vidare handlar det om å utvikle strategiar for å møte og meistre forventningar frå kundar og eit arbeidsmiljø med tydelege tidsfristar. Det handlar òg om refleksjon over korleis ein blir påverka av motar, trendar og visuelle uttrykk.

### Berekraftig utvikling

I vg1 frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign handlar det tverrfaglege teamet berekraftig utvikling om å gjere etiske og miljømedvitne val gjennom kunnskap om produkt, materiale, vedlikehald og verktøy og skapande arbeid. Det handlar òg om å forvalte, utnytte og gjenbruke ressursar i produksjon og å reflektere over korleis berekraftig val kan påverke samfunnet og naturen.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg1 frisør, blommar og eksponeringsdesign inneber å kunne bruke og forstå fagspråk. Vidare handlar det om å lytte til og kommunisere fagleg med kundar, kollegaer og samarbeidspartnarar.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg1 frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign inneber å kunne kommunisere skriftleg gjennom tekst, bilete, illustrasjonar og arbeidsteikningar med kundar og samarbeidspartnarar. Det inneber vidare å kunne bruke fagspråk og tilpasse tekstar til ulike formål, mottakarar og medium og å kunne planleggje, utforme og dokumentere fagleg arbeid.

## Å kunne lese

Å kunne lese i vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign inneber å kunne hente inn, reflektere over, tolke, forstå og bruke aktuelle fagressursar. Vidare handlar det om å kunne lese og forstå bruksrettleiingar, arbeids- og sikkerheitsinstruksar, arbeidsteikningar og andre yrkesrelevante skildringar med teikn og symbol.

## Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign inneber å kunne bruke geometriske former, måleiningar, målestokk, tabellar, økonomi og kostnadsoverslag i eige praktisk arbeid.

## Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign inneber å kunne velje og bruke digitale ressursar. Vidare inneber det å kunne bruke digitale ressursar til å utvikle, dokumentere, eksponere og eksperimentere med form, farge og komposisjon. Det inneber òg å kunne vurdere informasjon frå digitale kjelder kritisk, bruke nettvett og utvikle digital dømmekraft.

# Kompetansemål og vurdering

## Kompetansemål og vurdering produktutvikling og produksjon

### Kompetansemål etter produktutvikling og produksjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere eige arbeid innanfor gitte tidsrammer
- bruke kunnskap om mote, trendar, stilhistorie og ulike kulturar i eige arbeid
- beskrive og bruke ulike komposisjonsverkemiddel for å oppnå ønskt uttrykk i eige arbeid
- anvende fargelære i eige arbeid
- innhente og anvende kunnskap om material- og produkteigenskapar i eige arbeid
- analysere ulike oppdrag og gjere estetiske val i samsvar med ønska og behova til kunden
- utforske og bruke visuelle og digitale verktøy til idéutvikling og presentasjon av eige arbeid

- anvende og velje eigna verktøy, maskiner og teknikkar i framstillinga av produkt og tenester
- utføre enkelt vedlikehald av maskiner, verktøy og utstyr etter gjeldande sikkerheitsreglar
- halde orden i verkstaden og bruke materiale, kjemikaliar, teknikkar og utstyr i tråd med gjeldande reglar for helse, miljø og sikkerheit
- utforske og bruke teknikkar og materiale i sjølvvalde interesseområde

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i produktutvikling og produksjon når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire eller alle programfaga. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i produktutvikling og produksjon. Elevane skal få høve til å uttrykke kva dei opplever at dei meistarar, og få høve til å reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunktarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i produktutvikling og produksjon ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistarar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i produktutvikling og produksjon, basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

## **Kompetansemål og vurdering kommunikasjon, kunde og arbeidsliv**

### Kompetansemål etter kommunikasjon, kunde og arbeidsliv

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- analysere oppdrag og bestillingar frå kundar og bruke opplysningane i arbeidsprosessane
- visualisere eigne idear overfor kundar og samarbeidspartnarar
- utvikle og presentere produkt og tenester

- vurdere og gjere greie for ressursutnytting og kvalitet i produksjon og reflektere over korleis berekraftige val i eige arbeid kan påverke samfunnet og naturen
- bruke ulike kommunikasjonsformer i samhandling med kundar og samarbeidspartnarar
- beskrive og bruke marknadsføring og salsprosessar i samband med produkt og tenester
- berekne pris på produkt og tenester og vurdere lønnsemda i ei bestilling
- anvende strategiar for å møte og meistre forventningar frå kundar og andre
- reflektere over ulike livsfasar, behov, kultur og tradisjonar og bruke dette i kunderettleiing
- vurdere og bruke gjeldande reglar for helse, miljø og sikkerheit i eige praktisk arbeid
- beskrive kva for krav og forventningar som blir stilte til ein profesjonell yrkesutøvar, og reflektere over eigen praksis
- gjere greie for og vurdere korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre arbeidsliv

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i kommunikasjon, kunde og arbeidsliv når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire eller alle programfaga. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i kommunikasjon, kunde og arbeidsliv. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og få høve til å reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i kommunikasjon, kunde og arbeidsliv ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i kommunikasjon, kunde og arbeidsliv basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

## **Vurderingsordning**

### **Standpunktvurdering**

Produktutvikling og produksjon: Eleven skal ha éin standpunktarakter.

Kommunikasjon, kunde og arbeidsliv: Eleven skal ha éin standpunktarakter.

### **Eksamen for elever**

Produktutvikling og produksjon: Eleven skal ikkje opp til eksamen.

Kommunikasjon, kunde og arbeidsliv: Eleven skal ikkje opp til eksamen.

### **Eksamen for privatistar**

Produktutvikling og produksjon: Privatisten skal opp til éin skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Kommunikasjon, kunde og arbeidsliv: Privatisten skal opp til éin skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Produktutvikling og produksjon og kommunikasjon, kunde og arbeidsliv: Privatisten skal opp til éin tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.